



Erik Hesjedal  
Frekhaugskogen 17  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2804 - 18/26067

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:  
14.12.2018


## Adressetildeling /- endring Frekhaugskogen 17A, 17B

**Administrativt vedtak. Saknr: 335/2018**

### Saksutgreiing:

På eigedommen 23/568 er det eksisterande (nybygd) einebustad som ved første adressering har fått tildelt adresse til Frekhaugskogen 17. No er det kome inn melding om at det skal etablerast hybel til utleige i einebustaden. Denne bueininga skal registrerast i matrikkelen og skal ha tildelt eiga offisiell adresse. Utleigebustad har eiga ytre inngangsdør. Bygningstypen vert også endra i matrikkelen frå kode 111 – einebustad til kode 112 einebustad med hybel/ utleigeleiligheit.

Då det ikkje er ledige husnummer her vert adresseringa gjort med tildeling av bokstav- i tillegg til husnummer. Hovudhusveret får tildelt adressa Frekhaugskogen 17A og den nye utleigebueininga får tildelt adressa Frekhaugskogen 17B.



Skrivemåten for stadnamn er regulert i *Lov om stadnamn*, og tildelt adressenamn er godkjend av Namnekonsulentane for Vestlandet, og vedteke i Meland kommunestyre.

Vedtak på adressenamn kan ikkje påklagast, men det kan klagast på husnummertildeling og kva adresseparsell bygning/eining høyrer til.

Meland kommunestyre har vedteke at adresseparsellen skal ha adressenamnet ***Frekhaugskogen***.

#### **Vurdering:**

Skilting.

Etter felles forskrift til § 21 i matrikkellova ( adresseforskrift FOR-2011-11-03-1077 ) for regionen Nordhordland og Gulen, ligg det til Dykk å gjere eige dommen si adresse synleg ved tilfredsstillande adressenummerskilt.

Skilt og plassering skal tilfredsstillast lovkrava. I visse tilfelle kan det vere aktuelt at huseigar i tillegg til standard husnummerskilt på huset eller ved innkøyringa, også set opp supplerande tilvisingskilt. Plikta grunneigar har til å supplera med tilvisingskilt trer fram der grunneigar eig heilt fram til vegkrysset og eigar kan setja skiltet på eigen grunn.

Det skal nyttast standard husnummerskilt som skal vera av typen med sjølvreflekterande botn med svarte tal. Dei aktuelle skilta kan kjøpast eller tingast i vanlege jernvarebutikkar eller direkte frå eit skiltproducentfirma.

Av omsyn til redningsinstansane og ukjende som skal finne fram, skal korrekt husnummerskilting verte utført så snart som råd. Ved nybygg skal skilting verte utført før bygget vert teke i bruk.

Posten.

Den tildelte adressa vert også postadresse dersom ikkje postboks eller anna er avtala med Posten. Posten er informert om adresseendringa og treng ikkje eigen melding, men Posten ønskjer at andre kontaktar vert informert om den nye adressa på eigna blankettar som ein får på postkontoret. Spørsmål til Posten kan rettast på kundeservicetelefon 22030000 eller internett [www.posten.no](http://www.posten.no)

Informasjon.

I vedlagte brosjyre ***Orientering om adresser i regionen Nordhordland og Gulen***, finn du informasjon om bakgrunn for adressetildelinga og korleis adresse har vorte tildelt. Informasjon finn du også på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) og søk på adressetildeling.

Kva gjer ein om ein ikkje er nøgd med adressa.

Kommunen har mynde til å endre ei adresse og ein adresseparsell ut frå overordna omsyn til forvaltning av adresseverket. Ei adresse skal vere i samsvar med gjeldande infrastruktur og er difor gjenstand for endring.

Etter reglane kan ein klage på sjølve nummertildelinga eller kva for veg huset skal ha si

adressetilknytning til. Det er berre eigar som kan klage og klagefristen er tre veker etter varsel om endring.

Ev. klage skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast Meland kommune.

Kommunen kan yte hjelp og anna rettleiing for den som ønskjer det.

### **Vedtak**

«Meland kommune har i samsvar med gjevne retningsliner gjort følgjande adressesildeling/ -endring:

Gnr	Bnr	Bueining	Eks adresse	Ny adresse
23	106	H0101- hovudhusvære	Frekhaugskogen 17	Frekhaugskogen 17 A
23	106	H0101- utleigehusvære	Ingen	Frekhaugskogen 17 B

Vedtaket er gjort i medhald av Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova – i kraft 01. jan. 2010) § 21 og tilhøyrande forskrift kap. 12, og felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen.

Kommunen registrerer vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen dersom vedtaket ikkje vert påklaga innan fristen.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven§ 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen ,jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Orienteringsbrosjyre om adresser

**Mottakere:**

Erik Hesjedal

Frekhaugskogen 5918  
17

FREKHAUG

Ingvild Førde Flatøy

Frekhaugskogen 5918  
17

FREKHAUG